

SAKSPROTOKOLL

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 14.11.2017:

Møtet var kalla inn ved skriv frå ordføraren 07.11.17. Møtet har óg vore kunngjort i Bladet Tysnes og på kommunen si nettside.

Det var ingen merknader til innkallinga, saklista eller møteboka frå førre møte.

Ordføraren orienterte kort om utsendte referat skriv og meldingar.

Ymse:

Representanten Magne Skartveit tok opp slikt spørsmål under ymse:

«Gangveg kryss FV 49 (Uggdal) til sjukeheim (FV79)

Då det vart bygt gang- sykkelveg langs FV49 i Uggdal var det i planen lagt inn gangveg frå kryss ved FV49 og opp til omsorgssenteret. Denne delen vart tatt ut av prosjektet. Me ser at dette er ein farleg strekning for gåande. Folk med rullestol og rullatorar brukar området. Dagens gangveg frå elva og opp til gamle sjukeheim er veldig bratt, og om vinteren er den ofte glatt.

1. Er kommunen i dialog med fylkeskommunen om gangveg/trafikksikring på strekninga?
2. Tenkjer kommunen gjera noko initiativ i saka?
3. Kan kommunen be om nedsett fartsgrense på strekninga?
4. Har kommunen vurdert gangveg via Sunda-tunet opp til sjukeheimen? Vil den ha stigningsforhold slik at den kan vera brukbar for rullestol?»

Ordføraren svarte at det kan vera aktuelt å ta saka inn til drøfting i formannskapet og gje eit utfyllande svar i neste møte i kommunestyre. Rådmannen kunne stadfesta at det ikkje låg konkrete initiativ i saka opp mot fylkeskommunen.

Øystein Flakke og Øystein Dalland vart vald til å skriva under møteboka saman med ordføraren.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 14.11.2017: